

**RETURA SØRE SUNNMØRE AS**

**6160 HOVDEBYGDA**

**Organisasjonsnummer 987 578 602**

**ÅRSOPPGJER 2011**

**INNHold:**

**Årsmelding  
Resultatrekneskap  
Balanse  
Noter til rekneskapen  
Revisors beretning**

## Retura Søre Sunnmøre AS

### Årsmelding 2011

#### Verksemda sin art

Selskapet si verksemd er innsamling, sortering og handsaming av næringsavfall i Volda og Ørsta kommune og selskapet si forretningsidé er sal og leveransar av effektive avfallsløysingar til næringslivet og offentlige verksemdar. Selskapet er franchisetakar i den landsdekkande avfallskjeden Retura. Verksemda vert driven frå leigde lokale i Ørsta kommune der dei også har sitt forretningskontor. RSS utfører nesten all transportverksemd i selskapet med eget personell og egne bilar. Selskapet har ca 330 konteinrar og bilparken består av 1 varebil, 1 kranbil og 3 containerbilar. Innsamlingsverksemda er i ein stor grad konsentrert om bruk av containerbilar og renovasjonsbilar. Transport og innsamling av avfall skal skje med det til einkvar tid mest muleg føremålstenlege og rasjonelle materiell og utstyr, og som gjer dei lågaste miljømessige belastningane. Ved avfallsbehandlingsanlegget i Hovdebygda vert det utført mottak, sortering og mellomlagring av blanda og reint næringsavfall. Selskapet driv omfattande verksemd innan særskilt handtering av pappfiber, våt - organisk avfall og tyngre næringsavfallsfraksjonar frå bygg/anlegg.

#### Stilling og resultat

Selskapet nådde ei omsetning på kr. 18 523 242 i 2011, som er selskapet sitt sjuande driftsår. Resultatet syner eit overskot på kr. 472 618. Etter styret si meining gir den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit fullstendig og rett bilete av drifta i året og stillinga ved årsskiftet. Driftsinntektene er auka med 10,2 % frå 2010. Eigenkapitalen utgjer 36,5 % av balansesummen mot 33 % i 2010. Balansesummen er minka med 2,7 % frå 2010.

#### Framhald av drifta

Årsrekneskapen for 2011 er sett opp under føresetnad av framhald for drifta. Vi stadfestar med dette at føresetnadene for framhald av drifta er til stades.

#### Arbeidsmiljøet

Sjukefråveret i året har vore på 54 dagar. Dette utgjer om lag 3,4 % av tilgjengeleg arbeidstid i året. Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker. Det vert kontinuerlig arbeida med å forbetre og legge til rette for tiltak som kan bidra til å redusere sjukefråvær og skaderisiko. Selskapet har til døme bedriftshelseteneste og tilgang til fri bruk av treningsstudio for tilsette.

#### Ytre miljø

Det er ikkje rapportert om uhell som har forureina det ytre miljø. Selskapet legg vekt på å førebygge situasjonar som kan føre til forureining av det ytre miljø. Selskapet bidrar til å holde utslipp av avgassar og utslepp frå transport på et minimum ved kontinuerlig og systematisk vedlikehald av maskiner og biler.

#### Likestilling

Selskapet hadde pr 31.12.2011 7 tilsette, som alle er menn. I styret sit 2 kvinner og 1 mann. Selskapet praktiserer kjønnsnøytralitet med omsyn til rekruttering.

### Årsrekneskap – hendingar etter balanseslutt

Der er, etter det styret kjenner til, ikkje hendt noko etter rekneskapsåret sin utgang som har vesentlig verknad for bedømming av selskapet sitt årsrekneskap.


### Disponering av overskot

Styret gjer framlegg om eit utbytte på kr. 284 000. Resten kr. 188 618 vert å overføre til annan eigenkapital.


### Framtidig utvikling

Styret vurderer framtidssikta som god. Styret ønskjer å takke alle tilsette og selskapet sine samarbeidspartnarar for den innsats og interesse som er vist for selskapet i 2011.


Hovdebygda, den 30. mai 2012




Reidun Vigestad Berge  
Styreleiar



Jon Arne Steinsvik  
Jon Arne Steinsvik  
Tilsettes repr.



Bente Fylken  
Bente Fylken  
Nestleiar i styret



Bent J Nilsen  
Bent J Nilsen  
Dagleg leiar

Retura Søre Sunnmøre AS

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING

Styret kallar med dette inn til ordinær generalforsamling i

Retura Søre Sunnmøre AS

Generalforsamlinga vert halden på bedrifta si adresse:

Torsdag 31 mai 2012 kl 13.00

Følgjande saker skal behandlast:

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Val av møteleiar og to personar til å underteikne protokollen.
3. Gjennomgang av årsrekneskapen 2011 med notar og årsmelding.
4. Godkjenning av årsrekneskapen 2011 med notar og årsmelding frå styret.
5. Fastsette godtgjersle til revisor og selskapet sitt styre
6. Val av styre og revisor.
7. Godkjenning av leigeavtalar mellom VØR og RSS

Ørsta, 22.05.12

For styret i Retura Søre Sunnmøre AS

Sign.  
Reidun Vigestad Berge  
Styreleiar

Retura Søre Sunnmøre AS  
6160 Hovdebygda

## GENERALFORSAMLINGS PROTOKOLL

31. mai 2012 kl 13.00 vart det halde generalforsamling i Retura Søre Sunnmøre AS, i selskapet sine lokale i Torvmyrane 29.

Til stades var: dagleg leiar i VØR - Petter Bjørdal, og med det var 100% av aksjekapitalen i selskapet til stades.

I tillegg møtte styreleiar Reidun Vigestad Berge og dagleg leiar Bent J. Nilsen


### Til handsaming låg føre:

- 1. Godkjenning av innkallinga**  
Innkallinga vart einstemmig godkjend.
- 2. Val av møteleiar og to personar til å underteikne protokollen**  
Reidun Vigestad Berge vart valt til møteleiar.  
Bent Nilsen og Petter Bjørdal vart valt til å underteikne protokollen
- 3. Gjennomgang av årsrekneskapen med notar og årsmeldingar**  
Årsrekneskapen for 2011 med notar og årsmeldingar vart gjennomgått.
- 4. Godkjenning av årsrekneskapen med notar og årsmelding frå styret og revisor**  
Utarbeidd årsrekneskap med nota og årsmeldingar vart einstemmig godkjent og fastsett som selskapet sitt årsoppgjer for 2011.
- 5. Fastsetjing av godtgjersle til revisor og selskapet sitt styre**  
Revisor sitt honorar vart einstemmig godkjend.  
Det vart bestemt at godtgjersle til styret skal utbetalast med kr 15.000,- til styreleiar og kr 16.000,- til kvar av styremedlemane.
- 6. Val av styre og revisor**  
Styret valt for 2 år.
- 7. Godkjenning av leigeavtalar mellom VØR og RSS**  
Leigeavtalane vart einstemmig godkjent.

Generalforsamlinga vart deretter heva.

Underteikning av protokollen:

  
Bent J Nilsen

  
Petter Bjørdal



**SAK NR 04-12:**

**GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2011**

Generalforsamlinga vert tilrådd å gjere slikt vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner den framlagde årsmelding og rekneskap for 2011 slik det ligg føre.

**Saksutgreiing**

Styret handsama den revisorgodkjende årsmelding og rekneskap for 2011 i møte 30.05.12. Eg legg med dette årsmelding og rekneskap fram for generalforsamlinga til godkjenning. Revisors melding vil verte lagt fram på møtet når balansen er underskriven av alle styremedlemar.

Årsmelding og rekneskap for 2011 er vedlagt.

22.05.2012

Bent J Nilsen  
Dagleg leiar

Vedlegg:      Rekneskap og Årsmelding 2011

**GEN.SAK NR 05-12:  
FASTSETJING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG REVISOR FOR 2011**

Generalforsamlinga vert av styret etter styremøte 22.05.12 tilrådd å gjere slikt vedtak:

1. Godtgjersle til styreleiar vert sett til kr 15.000,- etter ønske i frå styreleiar.  
Godtgjersle for styremedlemar vert sett til kr 16.000,- til kvar av styremedlemane.
2. Godtgjersle til revisor vert gjort opp etter rekning.

**Saksutgreiing**

1. Generalforsamlinga skal fastsetje godtgjersle til styret for 2011. Honorara er auka med kr 1500,- for kvar av styremedlema. Styreleiar ønskjer å behalde si godtgjersle på kr 15.000,-.
2. For revisor sin del vil den for driftsåret verte gjort opp etter rekning.

22.05.2012

Bent J Nilsen  
Dagleg leiar

## GEN.SAK 06-12. VAL AV STYRE OG REVISOR

### VAL AV STYRE

Tilråding til vedtak:

1. Generalforsamlinga vel i tråd med vedtektene for selskapet § 5, slike medlemar til styret for RSS:

..... (aksjonær rep.)

.....(aksjonær rep.)

2.

.....Vert valt til leiar i styret for RSS.

.....Vert valt til nestleiar i styret for RSS.

### Saksutgreiing.

Vedtektene for selskapet § 5 regulerar val og samansetjing til styret i RSS.

Generalforsamlinga vel styre med leiar og nestleiar, med unntak av dei tilsette sin representant, som dei tilsette vel sjølv.

I komande periode er Jon Arne Steinsvik dei tilsettes representant.

Val av Generalforsamlinga står fritt til å velje kven dei vil til styret.

3.

### VAL AV REVISOR

Tilråding til vedtak:

Generalforsamlinga tilrådest at revisor vert attvald.

Generalforsamlinga står fritt til å velje kven dei vil til revisor.

Bent J Nilsen  
Dagleg leiar



## SAK 07-12. AVTALAR MELLOM VØR OG RSS FOR 2011

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner avtalane mellom VØR og RSS slik dei ligg føre

### *Saksutgreiing*

Vedlagt er avtalar mellom VØR og Retura.

Dette gjeld:

- Avtale 1. Leige av behaldarar, henting og levering av boss, papp og papir
- Avtale 2. Leige av maskinelt utstyr
- Avtale 3. Leige av bygg og areal
- Avtale 4. Mottak, vidareformidling og journalføring av farleg avfall
- Avtale 5. Leige av arbeidstenester
- Avtale 6. Avtale 6. Bruk av kopimaskin og IT system
- Avtale 7. Avtale om lagring av blanda avfall i lagerhall og prinsippa for handsaming, avrekning og fakturering av mengder
- Avtale 8. Avtale om nedstraumsavtalar.

Dette gjeld:

- Levering av isopor og asbesthaldig avfall.
- Avtale 9. Avtale om nedstraumsavtalar.

Dette gjeld:

- Levering av grovt restavfall frå hushaldningane.
- Avtale 10. Avtale om nedstraumsavtalar.

Dette gjeld:

- Levering av trevirke.
- Avtale 11. Avtale om leige av mannskap og/eller utstyr.
- Avtale 12. Avtale om nedstraumsavtalar.

Dette gjeld:

- Levering av hageavfall.

Eg rår til at styret godkjenner avtalane.

22.05.2012

Bent J Nilsen

Vedlegg 12 stk avtalar mellom VØR og RSS:

**Retura Søre Sunnmøre AS**

Org. nr. 987578602

<b>Resultatregnskap</b>	<b>Note</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt		18 501 782	16 960 935
Annen driftsinntekt		21 460	14 351
<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>18 523 242</u>	<u>16 975 286</u>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnad		5 385 382	5 447 010
Lønnskostnad	1,2	3 982 430	4 260 230
Avskrivning	1,3	697 859	873 132
Nedskrivning	1,3	142 300	0
Annen driftskostnad	2	7 570 291	6 503 431
<b>Sum driftskostnader</b>		<u>17 778 262</u>	<u>17 083 803</u>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<u>744 980</u>	<u>-108 517</u>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		7 436	9 688
<b>Sum finansinntekter</b>		<u>7 436</u>	<u>9 688</u>
Rentekostnad til foretak i samme konsern		0	957
Annen rentekostnad		96 578	96 498
<b>Sum finanskostnader</b>		<u>96 578</u>	<u>97 455</u>
<b>Netto finansposter</b>		<u>-89 142</u>	<u>-87 767</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		655 838	-196 284
Skattekostnad på ordinært resultat	7	183 220	-53 725
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<u>472 618</u>	<u>-142 559</u>
<b>Overføringer og disponeringer</b>			
Utbytte		-284 000	0
Overføring til/fra annen egenkapital		-188 618	142 559
<b>Sum overføringer og disponeringer</b>		<u>-472 618</u>	<u>142 559</u>

**Retura Søre Sunnmøre AS**

Org. nr: 987578602





<b>Balanse pr. 31.12</b>	<b>Note</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
<b>EIENDELER</b>			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Utsatt skattefordel		22 655	0
<b>Sum immaterielle eiendeler</b>		<u>22 655</u>	<u>0</u>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner	1,3	2 460 000	2 833 129
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<u>2 460 000</u>	<u>2 833 129</u>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Andre fordringer	1	3 280	2 226
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<u>3 280</u>	<u>2 226</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>2 485 935</u>	<u>2 835 355</u>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Varer	1	<u>78 174</u>	<u>106 808</u>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	1	1 991 291	2 148 817
Andre fordringer	1	403 264	535 742
<b>Sum fordringer</b>		<u>2 394 555</u>	<u>2 684 559</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	4	2 464 545	2 002 307
<b>Sum omløpsmidler</b>		<u>4 937 274</u>	<u>4 793 674</u>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>7 423 209</b>	<b>7 629 029</b>

**Retura Søre Sunnmøre AS**

Org. nr: 987578602

Balanse pr. 31.12	Note	2011	2010
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	5	500 000	500 000
Sum innskutt egenkapital		<u>500 000</u>	<u>500 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		2 206 840	2 018 222
Sum opptjent egenkapital		<u>2 206 840</u>	<u>2 018 222</u>
Sum egenkapital		<u>2 706 840</u>	<u>2 518 222</u>
<b>GJELD</b>			
Avsetning for forpliktelser			
Utsatt skatt	7	0	57 713
Sum avsetninger for forpliktelser		<u>0</u>	<u>57 713</u>
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	1 532 052	1 801 318
Sum annen langsiktig gjeld		<u>1 532 052</u>	<u>1 801 318</u>
Sum langsiktig gjeld		<u>1 532 052</u>	<u>1 859 031</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 614 292	2 321 872
Betalbar skatt	7	263 588	0
Skyldige offentlige avgifter		399 528	408 360
Annen kortsiktig gjeld		906 909	521 544
Sum kortsiktig gjeld		<u>3 184 317</u>	<u>3 251 776</u>
Sum gjeld		<u>4 716 369</u>	<u>5 110 807</u>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>7 423 209</b>	<b>7 629 029</b>

Hovdebygda 30-05-2012

  
Reidun Vigestad Berge  
styreleiar  
Bent J. Nilsen  
dagleg leiar  
Bente Fylken  
nestleiar i styret  
Jon Arne Steinsvik  
styremedlem